

# Ny rustsopp på nordmannsedelgran

Venche Talgø <sup>1)</sup>, Halvor B. Gjærum <sup>1)</sup>, Inger S. Fløistad <sup>1)</sup>, Arne Stensvand <sup>1)</sup> & Terje Pundsnes <sup>2)</sup>

<sup>1)</sup> Bioforsk Plantehelse, <sup>2)</sup> Norsk Pyntegrønt forsøksring



I september 2006 vart det funne skadar av rustsoppen *Melampsora abieticapraearum* på nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) i eit juletreffelt i Rogaland. Oversida av årnsålene var tydeleg gulfarga og undersida var full av sporehopar av soppen.

## Vertplanter

Rustsoppen *M. abieticapraearum* er tidlegare funnen her i landet på vanleg edelgran (*Abies alba*) og sibiredelgran (*Abies sibirica*). I Danmark er soppen mellom anna rapportert på nordmannsedelgran til juletre. Danskane kalla soppen "ædelgran-seljepilrust", men det fins ikkje noko norsk namn. Selje (*Salix caprea*) er hovudvert for soppen.

## Symptom og biologi

Det var berre nokre få tre som var skadde av *M. abieticapraearum* i det aktuelle juletreffeltet i Rogaland. Dei stod saman i ei klynge i utkanten av feltet. Fig. 1 og 2 syner omfattande skade på eit av dei infiserte trea. Oversida av nålene var tydeleg gulna. Langs voksstripene, som dekkar spalteopningane på undersida av nålene, var det tett med sporehopar (aecidiar) av rustsoppen. Utover vinteren 2006/2007 vart dei infiserte nålene brune, krumma seg og fall av.

For at soppen skal kunna fullføra livssyklusen sin er han, som så mange andre rustsoppar, avhengig av to ulike vertplanter. Soppen overvintrar på seljeblad på bakken der han syner seg som små, faste, svarte puter (teleutosporhopar). Om våren spirer teleutosporane og dannar basidiesporar som spreier seg med

**Fig. 1. Denne gulna nordmannsedelgrana (*Abies nordmanniana*) i eit juletreffelt i Rogaland var nedsmitta av rustsoppen *Melampsora abieticapraearum*. September 2006.**  
Foto: T. Pundsnes



vind til edelgrantræ i nærleiken. Der vert dei unge nålene infiserte. På undersida av nålene veks det fram skålrust (aecidiar) med aecidiosporar. Desse sporane spreiar seg så ved hjelp av vind til selje. På seljeblanda kjem det først fram gule uredosporehopar og seinare teleutosporehopar.

Symptoma minner om edelgranrust (*Pucciniastrum epilobii*) som vertvekslar mellom ulike edelgranartar og geitrams (*Epilobium angustifolium*) eller mjølke (*Epilobium* spp.). *M. abieti-capraearum* skil seg frå edelgranrusten ved at veggen kring aecidiosporane (peridiet) er kortare enn hjå edelgranrusten (Fig. 3).

### Tiltak

Dersom denne rustsoppen vert eit problem av større omfang, er det einaste aktuelle tiltaket å fjerna hovudverten selje i og omkring juletræfelt. Oppslag av mindre seljekratt kan kuttast ned mekanisk. Større seljebuskar eller -træ i nærleiken av juletræfelt bør hoggast ned. For å unngå oppslag av stubbeskot, bør stubbane påførast eit glyfosatprodukt (for eksempel Roundup) like etter hogst (1 del preparat til 4 delar vatn). Selje kan spreia seg med frø over store avstandar, så ein vert aldri kvitt selja heilt, men smittespreset vil verta sterkt avgrensa ved å halda området nær juletræ mest mogeleg fritt for selje.

### Litteratur

Lyhr, K. P., 1994: Håndbog til identifikation af skader på nordmannsgran og nobilis. Dansk skovforenings pyntegrøntseksjon. 98 pp.



Fig. 2. Nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) med gule årnsnåler på grunn av angrep av rustsoppen *Melampsora abieti-capraearum*. Foto: V. Talgø



Fig. 3. Fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*) med angrep av edelgranrust (*Pucciniastrum epilobii*) (over) og nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) med angrep av *Melampsora abieti-capraearum* (under). Veggen (utveksten/peridiet) kring kvar sporehop (aecidium) er lengre på edelgranrust enn på *M. abieti-capraearum*. Foto: D. Friberg og V. Talgø